Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Rogaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Årdal
Emne: Beit og bram | Bygdelag:
Oppskr. av: Sven Valheim | Gard: Valheim
(adresse): Årdal i Ryf. | G.nr. 20 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Beit har vore nytta til vinterfor attåt høy og halm, til ku, sau og geit.
Ein brukar namnet beit om bjørkeris som vert nytta til for

2 Ein kallar det: å beita eller å henta beit, og brukar då ein vanleg slede som ein og nyttar til annan kjøyring

3 Om vinteren helst etter jol
Det mest vanlege var å kjøyra heim risveden og so sigda ein beita (riset) av heime i tunet.
Namnet beit bruka ein både om vinteren, og om våren når det vart knupp eller lauv på bjørka

4 Når trea var nedhogne kjøyde ein dei heim i tunet, Her bruka ein då ein lauvsigd. Det vert gjort på den måten: Ein held risgreina i venstre handa med tappen ned og sigden i høgre handa og sigda so ovanfrå og nedetter


Lauvsigd

9358

5 Sjå S.V. 1
Til kü ber ein beita inn i båsen ütan a få håy eller noke anna attåt til det målet.
Til saü og geit sigdar ein ikkje av beita, dei går rundt beitakasten og bit av knüppar og anna kvister

6 Sjå S.V. 5

7 Ein kjenner ikkje den skikken her at ein skulde henta heim beit på langfredag. Det ein trang på langfredag eller ein annan helgedag, laga ein til føre helga
Nå er det slutt med beiting like eins som med skaving

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9358